

---

**Fra:** Bjarne Øvredal  
**Sendt:** 14.05.2017  
**Til:** Ragnhild Lønningdal; Roald Aandahl  
**Kopi:** Arnved Soldal Lund  
**Emne:** Merknad til kommuneplanen sin arealdel 2017-2027. Botnane.

---

**Fra:** Bjarne Øvredal <ovredal@online.no>  
**Sendt:** 14. mai 2017 19:38  
**Til:** Ragnhild Lønningdal; Roald Aandahl  
**Kopi:** Arnved Soldal Lund  
**Emne:** Merknad til kommuneplanen sin arealdel 2017-2027. Botnane.  
**Vedlegg:** Forliksklage1116.pdf

Hei!

Då det i 2014 vart oppfordra frå Samnanger Kommune om å koma med innspel til arbeidet med ny arealdel i Kommuneplanen sendte vi inn forslag om å oppretta omsynssone kring Botnahytta. Vi arbeidde då med planane for å restaurera hytta, som var teken med i Samnanger sin kommunedelplan for kulturminner 2012-2020, som krigsminnesmerke.

Kan vi fortså det slik at når Botnahytta og området rundt ikkje er nemnd i Kommuneplanen sin arealdel for 2017-2027 er det ikkje interesse i kommunen for å oppretta omsynssone i Botnane no?

Botnahytta vart, som de sikkert kjenner til, restaurert med midlar frå ma. Riksantikvaren og Samnanger Kommune, og har fungert flott som turmål og krigsminnesmerke.

Svært mange interesserte turgåarar har skrive seg inn i hytteboka sidan den vart lagt ut i mai i 2016. Skuleklassar har og brukt den i undervisninga.

Grunneigar Torsvik har stemt hytteigar Finn Øvredal inn for Samnanger Forliksråd.

Formålet er å få sagt opp bygsleavtalen.

På vedlagte kopi av stemninga vil de sjå at det han vil oppnå er å få flytta hytta frå neset der ho har stått sidan 1941.

(Planen er å setja opp si eiga hytta der Botnahytta står no.)

Samnanger Forliksråd har avvist klagen og sendt den vidare til Midthordaland Tingrett.

Moglegheita for at Torsvik vinn fram er truleg lita, men i rettsapparatet veit ein aldri.

Får han oppheva bygslekontrakta er vi redd han går vidare i rettsapparatet for å få flytta hytta.

#### **Samnanger kommune skriv i kommunedelplan for kulturminner 2012-2020:**

«Samnanger kommune meiner at opplevingsverdiane vil verta redusert med å flytta hytta. Samnanger kommune må vurdera dei verkemidlar som ein kommune har gjennom aktuelle lovverk for å bevare hytta.»

I arbeidet med å få restaurert hytta skreiv Hordaland Fylkeskommune (HFK) og Samnanger kommune at hytta ikkje måtte flyttast frå den noverande plasseringa.

HFK skriv i januar 2015: «Me vil difor sterkt tilrå at Botnahytta vert sett i stand og ikkje flytta frå den opphavlege plasseringa.».

Minner og om at Riksantikvaren skriv, ved tildelinga av midlar, at Botnahytta er eit krigsminne, ikkje berre av

nasjonal, men og av internasjonal interesse.

Vi håper og reknar med at Kommunen arbeider for oppretting av omsynnsone kring hytta, eller i ytterste konsekvens fredning av hytta, dersom dette skulle visa seg naudsynt, ved framtidige høve.

Med venleg helsing  
Finn og Bjarne Øvredal